

# ÅRSMELDING

## STORD BYGDEKVINNELAG 2015/16



Styret har sidan årsmøtet 28.10.15 vore sett saman slik:

<b>Leiar:</b>	Guro Kristi Holmberg
<b>Nestleiar:</b>	Peggy Husevik Berøy
<b>Kasserar:</b>	Sissel Ingleid Bjelland
<b>Skrivar:</b>	Ingvild Eskeland
<b>Styremedlem:</b>	Marit Anne Heimvik
<b>1. varamedlem</b>	Aslaug Kvålsvold
<b>2. varamedlem</b>	Kjersti Søvde
<b>3. varamedlem</b>	Ingebjørg Solli
<b>Revisorar:</b>	Esther Aasen Bjelland
	Alfhild Førland
<b>Valnemnd:</b>	Rigmor Vikane
	Reidun Børtveit

Utsendingar til fylkesårsmøtet på Voss 12-13 mars: Guro K. Holmberg og Ingvild Eskeland.

Tal på styremøter: 5

Tal på arrangement/møter: 23

Tal på saker: 42

Tal på medlemmar: 21

### AKTIVITETAR

28.10.15

Årsmøte i Hagerupshuset. Årsmøtesaker, årsmøteforedrag ved Grethe Brundtland, matøkt og sal av Cashewkort.

25. 11.15

Matkurs for unge flyktingar på det nye mottaket på Litlabø. 10 gutar i alderen 14-17 år frå fleire ulike land kom på kurs. Me var ni bygdekvinner som deltok på kurset. Me lærte dei å lage enkel middagsmat og anna godt. Vellukka kveld og gutane kosa seg.

26.11.15

Matkurs nr. 2. Av ulike grunnar kom berre seks gutar denne kvelden, og det var åtte damer frå laget der. Ein kjekk kveld.

5.12.15

Skogdag på Leirvik. I regn og vind stilte sju damer. Lite folk i Borggata denne dagen. Resterande av steikte lappar vart levert til mottaket på Litlabø.

10.12.15

Julemøte i gamlehuset på Førland. Me hadde korgfest og alle hadde med seg påleggfat med mykje godt. Me var ti damer denne kvelden.

28.1.16

14 bygdekviner og ein ektemann deltok på nyttårsfest for gutane på asylmottaket på Litlabø, ungdom frå asylmottaket på Heiane, nokre frå ungdomsklubben på Litlabø og nokre skular. Kvelden var i regi av CISV og Stord Bygdekvinnelag. Me laga til taco og kaker.

31.1.16

Me var inviterte med som æresgjester på Koftekveld på Biblioteket med forfattar og journalist Liv Sandvik Jacobsen som foredragshaldar. Det var mykje folk, om lag 200 damer totalt.

2 2.16

Matkurs nr 3 med gutane frå Litlabø. Det stilte 10 gutar og leiar Håkon Frode Særsten var med heile kvelden. Det var ni bygdekviner med på kvelden.

4.2.16

Matkurs nr 4 med gutane. Det stilte seks gutar og ni bygdekviner.

14.2.16

Bygdekvinnestreif på Fitjar. Fire damer frå laget var med, totalt 90 bygdekviner kom.

25.2.16

Informasjonsmøte på Børtveit skule. Me informerte om kva som skal skje i løpet av året og fekk også innspel til aktivitetar. 15 oppmøtte. Det vart også handarbeid, mat og lotteri.

1.3.16

Guro deltok på møte med Frivilligsentralen på Stord.

12.3.16

Årsmøte Hordaland Bygdekvinnelag i Ullensvang. Ingvild og Guro deltok.

31.3.16

Foredrag ved Agnes Ravatn, Marte Rommetveit var intervjuar. Ope møte, 37 innbetalte, 12 bygdekviner deltok, i Museumshallen. Me hadde ca 1 times intervju med personlege betraktningar på forfatterskap og anna, spørsmålsrunde, mingling med fingermat og saft frå Eskeland og trekning av gevinst. Vellukka kveld!

23.4.16

Sissel reiste som vår representant til feiring av Tysnes Bygdekvinnelag sitt 60-årsjubileum.

28.4.16

Møtekveld med handarbeid. Me samlast på Børtveit skule, ni kvinner kom. Me hadde med handarbeid og praten gjekk laust. Guro informerte om ulike hendingar. Me kosa oss med aspik og nybakt brød.

22.5.16

Guro og Rigmor reiste ut og steikte lappar til dagen "Ut på tur" i regi CISV og ungdomar frå asylmottaket på Litlabø. Ca 50 ungdom var med, det gjekk om lag 200 lappar.

23.5.16

Me vart invitert med på tur med Huglo Bygdekvinnelag. Turen gjekk til bronsegravene. Fire damer frå Huglolaget og fem damer frå Stord deltok på turen. Kjekk tur til tross for kald vind.

26.5.16

Blomemøte på Førland. 12 damer møtte. Me kosa oss med lette sommarlege salatar med nysteikt brød, samt kaker. Mange fine blomar og godt loddsal.

16.6.16

Bygda i Bevegelse tur 1. Me var med på opninga av den nye turvegen rundt Ådlandsvatnet. 10 damer møtte og me hadde med oss steikte lappar og dravle samt saft til servering. Det var mange som møtte på arrangementet og som gjekk turen etterpå. Resten av lappane vart gitt til CISV leiren som var på Stord i sommar.

25.06.16

Rigmor deltok på hageselskapet hos Kongen i Bergen. Ho vart invitert pga integreringsarbeidet Stord bygdekvinnelag gjer og har gjort.

18.-24.08.16

Sissel og Rigmor deltok på ACVV konferansen i London i England.

7.9.16

Bygda i bevegelse tur 2. Tur opp sherpatrappene med damegruppa frå mottaket på Heiane. Fire kvinner frå Heiane stilte og åtte frå bygdekvinnelaget. Me gjekk opp og hadde sosialt samvær på toppen med heimalaga nister, varm te, norske epler og turlotteri.

21.9.16

To bygdekvinner var med i Kulturhuset for å sjå teaterstykket Fortrolige samtaler saman med 8-10 damer frå Omvikdalen Bygdekvinnelag. Kaffi og lappar etterpå.

24.9.16 Pynting av kyrkja til hausttakkefest. Rigmor og Guro hadde ansvar for dette.

Gåver: kr. 1000,- til Frelsesarmeen.

kr. 500,- til Tysnes Bygdekvinnelag

Stord 27.10.16 For styret Ingvild Eskeland